

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
028/2015	Formannskapet i Radøy	PS	26.03.2015
016/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	28.04.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	14/1325	15/3118

### Spørsmål om overtaking av driftskostnader for veglys

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Kommunen mottok søknad om kommunal overtaking av driftskostnader for sju veglys på Ystebørenen i mai 2014. Søkjar fekk tilbakemelding om at administrasjonen ønskjer ei politisk avklaring i samband med budsjettprosessen. Saka vart utsett og er no til politisk handsaming.

I samsvar med føresegna i reguleringsplanen for bustadfeltet har utbyggar etablert veglys i Ystebørenen, og inngått driftsavtale for veglysa med BKK. Årleg driftskostnad (straum, nettleige og lampeskift) er i søknaden oppgitt å vera kr 1 137,- pr veglys pr år.

Søkjar viser til at vegen er mykje nytta av skulebarn og turgåarar. Vidare opplyser søkjar at vegen i Ystebøtræet i 1987 vart tatt ut av kommunen si prioriteringsliste for veglys, men at FAU ved Austebygd skule framleis framheldt behovet for veglys på strekninga. I samband med trafikkisikringsplanen 2014-2020 har FAU spelt inn behov for «Meir veglys på strekningen frå krysset ved Stølane til Ystebørenen».

Det vert også vist til at samspelet mellom privat utbyggar og kommunen bør sjåast på som ein vinn-vinn-situasjon, der privat utbyggar tek på seg investeringskostnader medan kommunen støttar opp om drift og vedlikehald av infrastruktur. Søkjar opplever det i denne samanheng som urimeleg at kommunen i andre kommunale bustadfelt har høve til å selja tomter til under sjølvkost, medan privat utbyggar ikkje vert tilgodesett av «fellesskapets midlar».

##### Vurdering

Den årlege driftskostnaden for veglysa på Ystebørenen vil liggja på om lag kr 8 000 pr år. Dette er ikkje ein stor sum i seg sjølv, men reiser eit prinsipielt spørsmål om kommunen skal ta på seg nye, vedvarande driftskostnader i ein periode med svært anstrengt kommuneøkonomi. Sjølv om summen i dette konkrete tilfellet er avgrensa, er avgjerda av prinsipiell betydning, og kan få økonomiske konsekvensar på sikt.

Praksis tidlegare har vore at kommunen har vore positiv og innvilga søknader om å overta driftskostnader til veglys på kommunale vegar, der bygdelag, private og andre har tatt kostnaden med å etablere og få plass sjølvve veglyset. I eit trafikkisikringsperspektiv har slikt spleiselag vorte vurdert som gode tiltak i lokalmiljøet. Normalt har desse søknadane dreidd seg om eit eller få veglys. I framlegg til ny trafikkisikringsplan er veglys eit prioritert tiltak på ei rekke kommunale vegar, men

det vert presisert at dei fortrinnsvis skal nyttast til «å tette hol på strekningar der det manglar få lys for å få ei kontinuerleg linje».

Denne saka skil seg frå etablert praksis både ved omfang av veglys, og ved at søkjar ønskjer at kommunen skal ta over driftskostnadane for veglys i eit privat bustadfelt. Søkjar peikar på at samspelet mellom privat utbyggar og kommunen er ein vinn-vinn-situasjon som kan skapa vekst og utvikling. Privat utbyggar tek på seg risiko, og kommunen kan leggja til rette og ta på seg drift- og vedlikehaldsoppgåver. Dette er eit moment som også bør vurderast i saka, men som i andre bustadfelt er løyst gjennom utbyggingsavtale mellom utbyggar og kommunen i forkant.

Det er liten tvil om at veglysa på Ystebørenen er viktige, både for trafikktryggleiken i området og i eit folkehelseperspektiv. Veglysa legg til rette for at barn kan gå til skulen, og at vegen kan nyttast til tur og fysisk aktivitet. I denne saka er veglysa alt etablert og behovet for veglys ivaretatt. Spørsmålet er om kommunen då skal påta seg driftskostnadane på vegne av bebuarane på Ystebørenen, sjølv om kommunen ikkje er forplikta til å gjera det, og kva økonomiske konsekvenser det vil gi i eit større perspektiv.

### **Konklusjon**

Administrasjonen er generelt positiv til at kommunen skal imøtekoma søknader om å overta driftskostnader til veglys på kommunale vegar, fordi spleiselag med lokale aktørar bidrar til å betra trafikktryggleiken og kan vera eit positivt bidrag for å leggja til rette for fysisk aktivitet. Også i denne konkrete saka er summen relativt liten, men rådmannen meiner at overtaking av driftskostnader til veglys reiser prinsipielle spørsmål om framtidige økonomiske forpliktelsar, og at slike spørsmål bør regulerast i utbyggingsavtalar ol. Prioritering av veglys bør fortrinnsvis gjerast ved at behova i kommunen vert vurdert i ein større samanheng, og slikt arbeid pågår i samband med trafikksikringsplanen.

Den økonomiske situasjonen i Radøy kommune gjer det vanskeleg å tilrå at kommunen på noverande tidspunkt skal påta seg nye driftskostnader for tiltak som alt er etablert. Rådmannen sitt framlegg til vedtak er at søknaden ikkje vert innvilga.

### **Formannskapet i Radøy - 016/2015**

#### **FS - handsaming:**

Rådmann Jarle Landås peikar på at overtaking av driftskostnader til veglys reiser prinsipielle spørsmål om framtidige økonomiske forpliktelsar. Den økonomiske situasjonen gjer at rådmannen oppfordrar til varsemnd med å påta seg kostnader som kommunen ikkje er forplikta til. Han meiner prioritering av veglys fortrinnsvis bør gjerast ved at behova vert vurdert i ein større samanheng, og slik vurdering pågår i samband med trafikksikringsplanen.

Formannskapet ønskjer ei oversikt over eksisterande bustadfelt som kan utløysa krav om kommunal overtaking av driftskostnader knytt til veglys. Ordføraren sette fram forslag om å utsetja saka.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegget om utsetjing.

#### **FS - vedtak:**

Saka vert utsett.

## Nye opplysningar:

Bustadfelta som er etablert i Radøy kommune kan grovt sett kan delast i tre grupper med omsyn til ansvar for dei kommunaltekniske anlegga. Lista er ikkje uttømmende. (Tal i parantes gjeld årstal for godkjent reguleringsplan.):

**A) Bustadfelt der kommunen sjølv har stått for utbygging og har ansvar for kommunaltekniske anlegg.** Døme på dette er Stølane (2002), Austmarka (78/73/82/85), Urhaug C (1992), Hellaneset (1992), Nordbø (1994) og bustadfelt på Bø (1973).

**B) Private bustadfelt med utbyggingsavtale kor det går fram at kommunen skal overta drift og vedlikehald av kommunaltekniske anlegg, herunder veg og –lys, når desse er ferdigstilt av utbygger.** Døme på slike bustadfelt er Selfallet (2006), Bressvika (2001) og Hesthaugen (1983/2005).

**C) Private bustadfelt kor kommunen ikkje har inngått utbyggingsavtale, og såleis ikkje har inngått avtale om å overta eigarskap og/eller driftsansvar for kommunaltekniske anlegg.**

1. **Bustadfelt som i større eller mindre grad er bygd ut:** Døme på slike bustadfelt: Kvalheim (2006), Sæbøtunet (2003/2011), Ystebørenen (2004), Kuvågen (1990), Kjeneset (2003), Haukeland søndre (2008).
2. **Regulerte bustadfelt som ikkje er opparbeidd, eller kor utbygger er i startfasen med utbygging av feltet.** Døme på slike bustadfelt: Langhøyane (2011), Eggene (2000), Hylla (2012), Austmarka øvre (2011), bustadfelt på Olsvollstranda (2014) og Selfallet nord (2013).

Administrasjonen har ikkje ein full oversikt over veglys i bustadfelta.

## Vurdering:

Historisk kan det sjå ut som at kommunen fram til omlag 2000 sjølv stod for utbygging av bustadfelta og tok ansvar for drift og vedlikehald av kommunaltekniske anlegg. Bruk av utbyggingavtalar vart aktualisert på 2000-talet, men vart i avgrensa grad nytta i Radøy kommune. Praxis i Radøy kommune har i seinare tid bevegde seg bort frå at kommunen påtar seg framtidig eigarskap og ansvar for drift og vedlikehald av kommunaltekniske anlegg. Det betyr at ein del av bustadfelta i Radøy kommune i dag er bygd ut av private, som både eig og driftar dei kommunaltekniske anlegga.

Å innvilga søknad om å overta driftskostnadane for veglys må vurderast med omsyn til mogleg økonomisk konsekvens. Isolert sett er ikkje kostnaden stor, men oversikta over bustadfelta i kommunen viser at det er eit potensiale for fleire søknader, dersom denne vert innvilga.

Rådmannen meiner også at det prinsipielt vil gi eit feil signal å overta slike driftskostnader i ein periode der Radøy gjennom planarbeid er i ferd med å gå bort frå at kommunen skal påta seg driftsansvar for kommunaltekniske anlegg, både i bustadfelt og næringsområde.

## Konklusjon:

På bakgrunn av ei heilskapleg vurdering er rådmannen sitt framlegg til vedtak at søknaden ikkje vert

innvilga.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Søknad om kommunal overtaking av driftskostnader for veglys på Ystebørenen vert ikkje innvilga.

**Formannskapet i Radøy - 028/2015**

**FS - handsaming:**

Rådmannen peika på at det kan skapa presedens dersom kommunen gjev tilskot til drift av veglys i privat bustadfelt. Rådmannen meiner at overtaking av driftskostnader til veglys reiser prinsipielle spørsmål om framtidige økonomiske forpliktelsar, og at slike spørsmål bør regulerast i utbyggingsavtalar ol. Prioritering av veglys bør fortrinnsvis gjerast ved at behova i kommunen vert vurdert i ein større samanheng, og slikt arbeid pågår i samband med trafikksikringsplanen.

Formannskapet drøfta saka grundig. Kenneth Murberg (H) ser at det kan skapa presedens for tilsvarande saker dersom kommunen seier ja til å overta driftskostnadane med veglys i dette tilfellet. Samtidig ønskjer han å finna ordningar som gjer at det er mogleg til ein viss grad å imøtekoma søknaden.

Ordførar Jon Askeland er samd i rådmannen si prinsipielle tilnærming til saka, men ønskjer også å vurdere om det utifrå trafikksikringsomsyn kan vera mogleg å finna ei ordning som delvis vil imøtekoma søknaden.

Ann Christin Hoen (A) påpeika at det kan koma fleire søknader, og at ved å seia ja i dette tilfellet må ein ta høgde for løyving over budsjett. Ho vil venta med eit mogleg positivt vedtak.

Roy Bø (FrP) legg vekt på at veglys er eit viktig trafikksikringstiltak. Han meiner det er urettferdig at dei som bur i kommunale bustadfelt slepp betala kostnader til veglys, medan private bustadfelt må dekkja dette sjølv.

Formannskapet vedtok rådmannen si tilråding med 6 røyster mot 1 (Roy Bø, Frp).

**FS - vedtak:**

Søknad om kommunal overtaking av driftskostnader for veglys på Ystebørenen vert ikkje innvilga.

**Kommunestyret i Radøy - 016/2015**

**KS - handsaming:**

Kommunestyret vedtok formannskapet si tilråding mot 4 røyster (3 Frp, David Pletten Aasgard, KrF).

**KS - vedtak:**

Søknad om kommunal overtaking av driftskostnader for veglys på Ystebørenen vert ikkje innvilga.

**Vedlegg:**

Søknad om dekking av driftskostnader veglys

Søknad dekking veglys - betraktningar